



Arne Leiknes Hopsdal  
Hodnesdalsvegen 4  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/490 - 16/7297

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
15.03.2016

## Gbnr 195/188 Leiknes. Tillegg til vedtak datert 07.03.2016. Løyve til å dele frå friareal og areal til slamavskiller.

Eigedom: Gnr.195 bnr.188 Leiknes  
Adresse for eiged.: Storneset, 5915 Hjelmås  
Type tiltak: Deling av grunneigedom, areal til slamavskiller og friareal i regulert område  
Heimelshavar: Arne Leiknes Hopsdal  
Søker: Arne Leiknes Hopsdal

### Saka gjeld:

Søker eig gnr. 195 bnr.6 og 188. På den delen av eigedommen som har bnr.188 ligg bustadfelt Storneset. Området er regulert og om lag ferdig utbygd. I føresegne til planen står det at fellesområda – vegareal, areal for leik og opphold skal vere felles for dei eigedommene som dei naturleg grenser opp til, har eigarandel i eller har bruksrett til.

Ved ein feil, vart det i søknaden datert 9/2-2016 berre søkt om å få dele frå arealet til veg, i alt 2400m<sup>2</sup>. Feilen vart oppdaga, og det vert no handsama eit tilleggsvedtak som gjeld frådeling av areala til fellesareala og til slamavskiljar. Detter utgjer 1400m<sup>2</sup> til.

Samla frådelt areal vert då 3800m<sup>2</sup>, som er i samsvar med reguleringsplanen.

Heile 195/188 er 30,1da, der det meste er skog av forskjellig bonitet.

### Planstatus/dispensasjonar:

Gnr.195 bnr.188 er del av gnr.195 bnr.6. Dei to delane har same eigar og er del av same grunneigedom. Eigedommen er landbruk. Området der parsellen som skal frådelast ligg er regulert til bustadføremål – Storneset Aust – del av gnr.195. Planen vart godkjend av kommunestyret 26.04.2006. Tiltaket som det er søkt om her er såleis i samsvar med godkjend plan og dispensasjon er ikkje naudsynt. Heller ikkje er det naudsynt med godkjenning av tiltaket i høve til jordlova §12, sjølv om eigedommen 195/6, 188 er landbruk.

### Nabovarsel/tilkomst/vassforsyning og avløp:

Tiltaket er i samsvar med plan. Tiltaket fører ikkje til endringar på staden, men slamavskiljar og friareal vert overført til nytt bruksnummer og får ny eigar.

Nabovarsel er ikkje naudsynt, og det vert ikkje endringar i høve til tilkomst, vassforsyning og avløp.



**VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 1400m<sup>2</sup> areal til friareal og slamavskiljar frå gnr.195 bnr.6 og 188.

Arealet høyrer saman med areal til veg som vart handsama og gjeve løyve til deling i administrativt vedtak 07.03.2015. Dei to sakene må såleis sjåast i samanheng.

Tiltaket er i samsvar med gjeldande plan.

**Grunngjeving for vedtaket:**

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl § 20-1 og §26-1.

Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn ikkje er eigna til bygging på grunn av storleik eller form.

Det gjeld areal til friareal og slamavskiljar. Deling er i samsvar med plan og tiltaka er etablert.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i i pbl.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

**Gebyr:**

Det vedtaket som er gjort her, skulle vore fatta saman med vedtaket i administrativ sak 07.03.2015. Dei to vedtaka er å sjå som same sak. Gebyr vert ikkje skreve ut her, då det er krevd inn i samband med det førre vedtaket.

**Klage:**

Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket, innan tre veker frå dei fekk kunnskap om vedtaket, Jf. §§28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arne Leiknes Hopsdal

Hodnesdalsvegen 5915

4

HJELMÅS